



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53437012
Telefaks

Det. kgl. kommunal- og moderniseringsdepartementet

UGGDAL, 26.01.2016

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/31-3	549/16	000	TK/FEL/AADH	

ENDRINGAR I VALLOVA - HØYRING

Me viser til skriv av 25.11.2015, endringar i vallova - høyring.

Saka har vore til handsaming til formannskapet 20. januar, sak 1/16 og på følgjande saksutgreiing er det gjort slikt framlegg til vedtak:

«SAKSUTGREIING:

INNLEIING

Det vert i det vesentlege vist til vedlagde høyringsnotat om framlegg til endringar i vallova.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende pr 25.11.15 notatet ut på høyring til kommunane og rundt 150 andre organisasjonar, instansar m.v.

Høyringsfristen er sett til 25.01.16.

I notatet vert det blant anna gjort framlegg om ei frivillig ordning for kommunane i høve elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og ein forenkla framgangsmåte for mottak av framande røyster.

Det vert vidare gjort framlegg om å endra vallova § 3-4 i forhold til ei presisering og forenkling av lovteksten. Det skal koma klarare fram at den som unnlet å krevja seg fritaken innan den fristen valstyret set, ikkje kan nekta å motta val.

For seint innkomne førehandsstemmer og utfordringar knytt til dette vert også drøfta i notatet. I og med at Posten i 2016 sluttar med postutlevering på laurdagane, legg departementet fram tre moglege løysingsmodellar for å sikra at førehandsstemmene som vert avgjevne fredag før valdagen kjem fram i tide til å telja med i valoppgjeret. Det vert bede om innspel og tilbakemeldingar på alle tre alternativa. Det vert i denne omgang ikkje fremja konkrete lovendringar opp mot denne problemstillinga.

ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTALET PÅ VALDAGEN

Det vert gjort framlegg om at elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og forenkla framgangsmåte for mottak av framande stemmer vert innført som ei frivillig ordning for kommunane.

Det vert presisert at kommunar som ønskjer å tilretteleggja for elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, må gjera dette mogleg i alle vallokala i kommunen. Departementet peikar vidare på at kommunar som ønskjer å nytta denne ordninga, må rekna med at valførebuingane vert meir ressurskrevjande – særleg då opp mot IKT – kompetanse. Alle vallokala må blant anna sikrast god og stabil tilgang til internett, m.v.

Framlegget ber i seg at det må fastsetjast ein beredskapsrutine som vert iverksett ved straumbrot eller anna kommunikasjonsbrot mot manntalet. Dette inneber mellom anna at det må nyttast eit eige beredskapsomslag, noko som tyder at veljaren ikkje kan leggja stemmesetelen rett i urna. Kontroll og godkjenning av slike beredskapsstemmer skal gjerast av valstyret sjølv.

Denne ordninga inneber blant anna at både veljarar som er manntalsførte i den aktuelle valkrinsen og veljarar som er manntalsførte i andre valkrinsar i kommunen, vert kryssa av i det elektroniske manntalet og lagde i urner.

Føremålet med å innføra ei slik frivillig ordning er å effektivisera valavviklinga på valdagen for både veljarar og valmedarbeidarar. Eit anna omsyn er å redusera tal feilavkryssingar i manntalet - departementet meiner at det er sannsynleg at så skjer på grunn av at ein i stor utstrekning nyttar strekkoden på valkortet til å søkja fram veljarane.

FOR SEINT INNKOMNE FØREHANDSSTEMMER

For seint innkomne førehandsstemmer har vore ei utfordring i mange år.

Veljarane kan førehandsstemma i alle landets kommunar. Veljarar som oppheld seg i utlandet kan førehandstemma på utanriksstasjonar, konsulat, m.m. – Førehandstemmegjevinga innanriks skal avsluttast fredag før valdagen, og utanriks skal denne stemmegjevinga vera avslutta nest siste fredag før valdagen. – Førehandsstemmer som skal godkjennast og telja med i valoppgjeret må vera komne inn til valstyret seinast kl 2100 på valdagen. Stemmer som kjem inn etter denne fristen skal forkastast.

Tilbakemeldingane frå kommunane etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 viser ein klar nedgang i tal for seint innkomne førehandsstemmer i 2015 samanlikna med tidlegare val. Opplæringa og tiltaka før valet i 2015 må seiast å ha vore vellukka.

Ny lovgjeving gjer at Posten frå 01.01.16 ikkje har leveringsplikt av post på laurdagar. Laurdagen før valdagen har vore ein svært viktig forsendingsdag av førehandsstemmer.

Departementet innleiar sine vurderingar med å fastslå at det er vanskeleg å unngå at ein del førehandstemmer kjem for seint fram. – Med tilvising til dei føreståande endringane i postlova, ser departementet tre alternativ som kan vurderast:

Endring av lovfesta frist for å avleggja førehandsstemmer

Endring av lovfesta frist for godkjenning av førehandsstemmer

Inga endring i lovverket

Departementet legg i denne omgang ikkje opp til konkrete framlegg til korleis utfordringa med opphøyr av laurdagsomdeling av post skal løysast. I denne høyringsrunden ønskjer departementet vurderingar av korleis endringane i postlova i minst mogleg grad skal påverka veljarane sitt høve til å førehandsstemma, samstundes som ein framleis sikrar at førehandsstemmer som er gjevne innan fristen skal telja med i valoppgjeret.

Det første løysingsalternativet går på å endra lovfesta frist for å avgje førehandstemmer innanriks frå fredag før valdagen til torsdag før valdagen. Etter departementet si vurdering kan ei slik fristendring «bidra til» at tal førehandsstemmer som kjem for seint fram ikkje auker. Ei slik endring vil etter departementet sitt syn kunna vega opp for problema/utfordringane som kjem frå 2016 med laurdagsstengd Post. Førehandsstemmer som vert levert torsdag etter Posten sine fristar vil kunna vidaresendast på fredag og framleis nå fram til rett kommune innan gjeldande frist på valdagen. – Minuset med ei slik løysing går i følgje departementet på veljarane sitt høve til å stemma. Det er ein realitet at forutan på sjølve valtinget er fredag den dagen flest veljarar går for å gje si stemme. Det vert blant anna trekt fram at dette alternativet vil kunna svekka tillita og omdømet til valavviklinga. – Fristen for å avgje stemme utanriks vert ikkje føreslått endra etter dette løysingsalternativet.

Alternativ 2 går på å endra fristen for godkjenning av førehandsstemmer frå valdagen kl 2100 til dagen etter valdagen kl 1700. Departementet framfører at ved ei slik fristendring vil ikkje tal for seint innkomne førehandsstemmer auke. Dei trekkjer og fram at endringa vil kunna vega opp for laurdagsdistribusjonsbortfallet til Posten. Stemmer som vert leverte fredagen etter Posten sine fristar vil kunna vidaresendast på valdagen og framleis nå fram til rett kommune og i rett tid dagen etter valdagen. – Departementet påpeikar at denne løysinga ikkje vil påverka veljarane sitt høve til å avgje stemme. Det negative med løysinga er at det endelege valoppgjeret vil verta ein del timar forseinka og dei respektive valstyra og deira medarbeidarar vil verta påført noko meirarbeid.

Alternativ 3 er å oppretthalda status quo – altså inga endring i dei lovfesta fristane. – Dersom fristane vert ståande slik vallova gjeld i dag, er det ifølgje departementet risiko for at talet på for seint innkomne førehandsstemmer aukar vesentleg. For å unngå dette ser departementet ikkje anna løysing enn å inngå avtale med Posten eller annan tilbydar for å ordna med distribusjon av førehandsrøystene laurdagen før valdagen. Dette vil etter notatet innebera ein meirkostnad på frå 2- til 5 mill kr ved kvart val/annankvart år + praktiske og operative utfordringar, som til dømes logistikkutfordringar for kommunar og tilbydar.

FRITAK FRÅ VAL VED KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVAL

Det vert vist til det som går fram av punkt 6 i høyringsnotatet.

Framlegget til endringar i § 3-4 i vallova er meint å innebera ei forenkling og presisering av lovteksten.

VURDERING

ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTALET PÅ VALDAGEN

Tysnes kommune har nytta elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsrøystinga ved dei siste vala for veljarar som avgjev slik stemme i eigen kommune. I og med at førehandsrøystinga vert avvikla på rådhuset har det ikkje vore dei store utfordringane i forhold til datatekniske løysingar m.v. – Røynslene frå dette er i det vesentlege positive med forenkling og effektivisering.

Tal førehandsrøyster har over tid vore svakt aukande her i kommunen. I snitt vil me anslå at kring 25 % av dei som avgjev stemme har røysta på førehand. Her er det sjølvstøtt variablar blant anna i forhold til om det gjeld kommunestyreval eller stortingsval.

Med ei valdeltaking på for eksempel tett opp mot 70 % vil med dagens folketal mellom 1500 og 1600 veljarar avgje sine stemmer her i kommunen. Dersom ca 25 % av desse røyster på førehand, vil altså førehandsrøystetalet liggja på i underkant av 400. Held denne trenden seg tyder det at pluss/minus 1150 av dei røysteføre avgjev sine stemmer på valdagen.

Kommunen har frå og med kommunestyrevalet i 2003 vore inndelt i 5 røyste-/valkrinsar: Tysnes, Lunde, Onarheim, Uggdal og Reksteren. Før den tid var det 11 krinsar. Krinsane Tysnes og Uggdal er dei klart største i folketal, med Reksteren som den minste.

Framande stemmer har gjerne lagt mellom 20 og 30 med ein svak tendens til nedgang. Ved valet i 2015 var det 16 framande røyster.

Med rundt 1150 stemmegjevingar på valdagen, herunder kanskje knappast 20 framande røyster, kan det spørjast om det samla sett kan forsvarast å gå inn på ei frivillig ordning med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen; herunder ei forenkla ordning for handsaming av framande stemmer?

Både Lunde, Onarheim og særleg Reksteren er rimeleg små røystekrinsar målt opp mot røysteføre. I Reksteren krins var det knapt 60 avgjevne røyster på valdagen ved kommunestyrevalet 2015. – Det er i utgangspunktet kommunestyret som avgjer kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i. Slike vedtak må gjerast innan 31. mars i valåret. – Inndelinga av kommunen i valkrinsar er eit viktig «middel» for å ivareta prinsippet om at veljarane skal ha tilgjenge til eit vallokale i nærområdet sitt for å kunna avgje stemme. Vallokala skal vera tilgjengelege for alle veljargrupper. Sjølv om elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen mest sannsynleg vil forenkla og effektivisera valhandlinga, vurderer departementet det slik at kommunane primært bør ivareta tilgjenge for veljarane. Departementet frårår at kommunane slår saman valkrinsar dersom dette kjem som ein meir eller mindre direkte konsekvens av å halda kostnadene nede i samband med innføring av elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

I og med at det vert lagt opp til ei frivillig ordning med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, vil me tru at sjølv om dette nok er framtidsretta, kan Tysnes kommune, i alle fall på kort sikt, med fordel nytta seg av dei manuelle rutine som er godt innarbeidde på sjølve valdagen. Me har røynde og punktlege personar som me plar nytta i røystestyra, likeså i det sentrale valapparatet, og det er svært sjeldan feil å spora. Ein overgang til digitalisert avkryssing i manntalet på valdagen vil nok heller ikkje gje oss dei store rasjonaliserings- og effektiviseringsgevinstane – sett opp mot at det berre er kring 1150 røysteføre som plar å avgje stemme på sjølve valdagen.

Dersom/når me skal gå inn på ei ordning med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, må dette planleggjast og takast stilling til i god tid, og det må blant anna takast høgde for: Kostnadene og meirarbeidet med å tilretteleggja for ei slik løysing. Opplæring av røystestyra - og ikkje minst at me som organisasjon har tilstrekkeleg IKT – kompetanse og personar som kan «stå oss bi» og vera i beredskap under valprosessen. Det kan og verta trong for å flytta nokre av røstelokala til kringliggjande lokale for å makta å gjennomføra digitaliseringa på ein trygg og forsvarleg måte.

FOR SEINT INNKOMNE FØREHANDSSTEMMER

Som ein konsekvens av at postlova er endra med verknad frå 1. januar 2016, kan me knyta desse kommentarane til departementet sine alternativ:

Løysing 1 er logisk sett opp mot at det ved neste val ikkje er postdistribusjon om laurdagane. Skal ein prøva å unngå at talet på for seint innkomne førehandsrøyster aukar utan å nytta store summer ved å leiga inn postdistribusjonsløysingar laurdagen før valet, bør løysinga liggja i dette alternativet. Løysinga er, i tillegg til å vera logisk, enkel å innføra/gjennomføra og rimeleg oversiktleg å administrera. – Sjølv om departementet påpeikar at minuset ved ei slik løysing er at veljarane får dårlegare høve til å stemma i og med at denne fredagen er ein viktig røystedag for mange veljarar, bør det på sikt kunna la seg gjera å snu ei slik endring til noko positivt. Her til lands vert det lagt utruleg godt til rette for veljarane opp mot førehandsrøystinga. For det første har dei unntaksvis høve til å førhandsrøysta alt frå 1. juli i valåret og fram til den ordinære førehandsrøystinga byrjar den 10. august. Frå då av kan dei røysta kvar yrkesdag i innpå 5 veker fram mot valdagen + den nest siste helga før valdagen + fram til kl 2000 siste fredagen før valdagen. Ved ei endring som under denne løysinga vil opningstida i vallokala verta redusert frå fredag kl 2000 til torsdag kl 2000!

Me skal elles ha med oss at førehandsstemmegjevinga er eit tilbod til veljarar som ikkje ønskjer eller ikkje har høve til å stemma på valdagen(ane).

Det er Stortinget som har vedteke at tal omleveringsdagar for post skal reduserast frå seks til fem dagar i veka frå og med 2016 på grunn av fallande postvolum. Det er med andre ord staten ved den lovgjevande makta som har vedteke desse endringane i postlova, og det er same mynde som har det øverste ansvaret for at vallovgevinga med føresegner fungerer mest mogleg knirkefritt. Dersom løysing 1 skal gjennomførast bør det såleis primært vera eit statleg ansvar å få dette til mest mogleg harmonisk og til minst mogleg skade for brukarane/veljarane. Her må staten på banen og ta samtlege kostnader med dei større informasjonskampanjane o.a. som trengst for å gjera overgangen så mjuk som mogleg både for veljarane og valstyra/røystestyra og valmedarbeidarane.

Løysing 2 går altså på å endra lovfesta frist for å godkjenna førehandsstemmer frå måndag/valdagen kl 2100 til for eksempel tysdag/dagen etter valdagen kl 1700. – Det positive med denne løysinga er at ho ikkje vil ha noko å sei for veljarane sitt høve til å avgje stemme – det vert som i dag. Ordninga vil også kunna vega opp for bortfallet av laurdagsdistribusjon pr post, slik at tal for seint innkomne førehandsstemmer neppe vil auka i forhold til gjeldande ordning. – Løysinga har likevel opplagde minussider. Departementet meiner at ei slik ordning vil seinka det endelege valoppgjeret med nokre timar. For Tysnes kommune vil det endelege valoppgjeret verta seinka med meir enn nokre timar. Ved kommunestyre-/fylkestingsvala vert seinkinga noko mindre enn ved stortingsvala. Dette på grunn av at etter dagens ordning er valoppgjera betydeleg enklare og kjappare ved stortingsvala enn ved kommunestyre-/fylkestingsvala. Her i kommunen har me til vanleg vore ferdige med det endelege valoppgjeret etter stortingsvala rundt kl 2200 på valdagen. Ved kommunestyre-/fylkestingsvala har det endelege valoppgjeret ofte vore klart ca kl 1200 dagen etter valdagen. Dette tyder at løysing 2 vil innebera at det endelege valoppgjeret vert seinka med om lag 20 timar ved stortingsvala, og med ca 6 timar ved kommunestyre-/fylkestingsvala. – Det er vidare ingen fordel, heller det motsette, for valstyra og deira medarbeidarar at dei ved ei slik løysing vert påført meirarbeid og dermed ekstrakostnader for å fullføra det endelege valoppgjeret etter at dei siste førehandsstemmene har kome fram kl 1700 dagen etter valdagen. Løysinga kan lett føra med seg venting og andre kunstige pausar for valstyra og andre – altså det motsette av det me oftast leiter etter: å gjera ting enklare, raskare, sikrare, ja, kort og godt meir effektivt og rasjonelt. For valstyra og deira medarbeidarar er denne ordninga såleis lite vensam - ikkje minst sett opp mot at dei normalt har hatt lange arbeidsøker valdagskvelden og vore «på pletten» rimeleg tidleg denne tysdagen etter valdagen for å gjera valoppgjeret mest mogleg ferdig. Med slitne arbeidarar som skal starta opp att etter kl 1700 på tysdagen vil feil/gliappar fortare kunna skje. Løysing 2 vil vera eit tilbakesteg der innspurten i valoppgjeret samla sett vert sett på vent med dei frustrasjonar og kostnader dette inneber.

Løysing 3 er å oppretthalda gjeldande rett sett opp mot dei aktuelle fristane i vallova: Inga endring i fristen for avslutting av førehandsstemmegjevinga, ei heller i fristen for når førehandsstemmene må vera valstyret i hende. Med ingen laurdagsdistribusjon frå posten si side, ser departementet det sannsynleg at talet på for seint innkomne førehandsstemmer aukar vesentleg. Departementet meiner derfor at denne løysinga inneber at det må inngåast ein avtale med Posten eller annan tilbydar for å sikra distribusjon av førehandsstemmene laurdagen før valdagen. – Denne løysinga er på fleire vis den beste av dei tre nemnde alternativa. Minuset her er dei ekstrakostnadene på anslagsvis mellom 2- og 5 mill kr som kjem på annankvart år + dei praktiske og operative utfordringane det vert peikt på i notatet. Løysing 1 har primært uheldige sider sett opp mot veljarane og løysing 2 har det same i forhold til valstyra og deira hjelpearar. Dei menneskelege utfordringane i dei to første alternativa vil kanskje vera vanskelegare å «temja» enn å finna ein «utgang» på kostnadene me står føre i dette alternativet. Med tilvising til det som alt er nemnt om mynde og ansvar for endringar i lovverket vårt, finn me å kunna tilrå dette 3. alternativet under føresetnad av at staten tek ekstrakostnadene med den aktuelle distribusjonen av førehandsrøyster laurdagen før valdagen. Det vil vera uheldig/urettvist å velta desse distribusjonskostnadene over på kommunane. Her må statsapparatet visa at dei tek konsekvensane av sine eigne handlingar. – Dersom staten mot formodning ikkje tek desse ekstrakostnadene, bør løysingsalternativ 1 vera å føretrekka.

